Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 12.03.2026	Vår ref: 2026/3326
Dykkar dato:	Dykkar ref: 2025/8813

SUNNFJORD KOMMUNE
Postboks 338
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn Tove Nyheim, 5764 3149
Svanhild Sortland, 3337 1133

Fråsegn - oppstart detaljreguleringsplan - Sunnfjord 21/201 m.fl. - Førde omsorgssenter - plan-id 20250008

Vi viser til oversending dagsett 11.02.2026 med høyringsfrist 13.02.2026.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for nytt omsorgssenter, der det førebels er tenkt om lag 70 bueiningar. Planområdet er på 39 daa. Anten skal tomta til Førde barneskule brukast til nytt omsorgssenter, eller skal ein byggje på eksisterande sjukeheim. Begge alternativa er aktuelle, og oppstartsvarselet gjeld begge områda. Vidare prosess vil avklare kva område det skal utarbeidast reguleringsplanen for. Planområdet er sett av til offentleg og privat tenesteyting i arealdelen til kommuneplanen (KPA).

Eksisterande omsorgssenter er regulert til føremålet i planar frå 1995 og 2010, medan Førde barneskule er uregulert.

Kommunen vurderer at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing eller planprogram sidan planområdet er sett av til offentleg og privat tenesteyting i KPA.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl

Org.nr. 974 760 665

Innspel og merknadar til planoppstart

Gjeldande nye arealpolitiske føringar må leggjast til grunn for planarbeidet.

Ut frå det vi kan sjå har kommunen i referatet frå oppstartsmøtet peika på mange viktige og sentrale tema for planarbeidet. Vi registrerer at både biologisk mangfald, terrengbehandling og massebalanse, uteopphaldsareal, trafikktryggleik, parkering med vurdering av ev. parkeringskjellar, risiko- og sårbarheit, støy, interessene til barn og unge m.m. er nemnt. Vi legg til grunn at krava og synspunkta til kommunen vert følgde opp i utarbeidinga av planforslaget.

Dersom kommunen følgjer opp og syter for at temaa frå oppstartsmøtet 02.02.2026 vert tilstrekkeleg vurderte og omtalte i det videre planarbeidet, vil dette vere eit godt grunnlag for høyringa og det offentlege ettersynet av planforslaget.

Naturmangfald

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7. Ei vurdering av verknadane for naturmangfaldet skal gå fram av det endelege vedtaket i saka.

Planområdet grensar til Løken i vest, og det er registrert alm innanfor planavgrensinga. Kommunen har utarbeidd skjøtselsplan for Løken, dagsett 28.03.2019. Vi legg til grunn at kommunen innarbeidar/tek omsyn til ev. føringar i skjøtselsplanen i planarbeidet.

Planlegging nær gravplass

Planområdet grensar til Førde kyrkjegard. Ein gravplass har ein spesiell funksjon i samfunnet og er sårbar for endringar i omgjevnadane. Ved planlegging av utbygging eller fortetting nær gravplass må konsekvensane for gravplassen utgreiast. Støy, byggjehøgder, innsyn, og avbøtande tiltak, slik som buffersoner og byggjegrenser, er viktige tema i planlegginga. Ein bør sjå på parkeringssituasjonen og ev. tilkomst dersom planlegginga vil påverke situasjonen for gravplassen.

Gravplass skal vere skjerma mot støy i samsvar med gjeldande retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/21, og det skal om mogleg vere ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap slik at karakteren til gravplassen blir ivareteke (gravplassforskrifta § 2). Buffersona skal skjerme mot innsyn og vere konfliktdempande. Behovet for buffersone må vurderast i planprosessen, særleg med tanke på innsyn. Vi minner òg om at gravplassen skal vere inngjerda og ha portar som kan latast att, og at vegsystem ikkje skal leggje til rette for gjennomgangstrafikk over gravplassen.

Ein gravplass inngår ofte i eit område med freda eller listeført kyrke eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap. Førde kyrkjegard er kyrkjestad frå mellomalderen, med listeford kyrkje og mellomalderkyrkjegard som er automatisk freda. Tidsdjupna og kulturminna er viktige kvalitetar ved gravplassen som stad, og statsforvaltaren tilrår generelt at omsynet til kulturminneverdiane i området bli vurdert ved planlegging i nærområdet til gravplass.

Sjå òg gravplasslova og gravplassforskrifta for krav til gravplassareal.

Medverknad

Vi minner om at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet, sjå rundskriv T-2/08 om barn og planlegging og H-2302

om medverknad i planlegginga. Det er derfor positivt at kommunen har fokus på at omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegginga, jf. referatet frå oppstartsmøtet.

Etter §5-12 i kommunelova skal kommunen ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. Vi legg til grunn at det blir henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fung. seksjonsleiar

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER